



Statens vegvesen

STIAN MARØY
SOLBJØRGVEGEN 423
5652 ÅRLAND

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Odd Høydalsvik / 55516377

Vår referanse:
17/85336-7

Dykkar referanse:

Vår dato:
29.01.2018

Byggjegrense – Dispensasjon – Fv . 414 – Gnr. 23 bnr. 19 – Radøy kommune

Vi viser til Dykkar søknad av 18.01.2018 om dispensasjon frå byggegrensa til fylkesveg 414 for oppføring av ny bustad på gnr. 23, bnr. 19 i Radøy kommune.

Det var tidlegare søkt om avkøyring frå fylkesveg 414, men det er no vist ny avkøyring frå den kommunale vegen KV6025 og det er difor Radøy kommune som skal handsame denne søknaden slik det er vist til å vårt brev av 25.01.2018.

Det vert søkt om oppføring av ny bustad i ein avstand på 43 meter frå senterlinja på fylkesveg 414. Statens vegvesen har vurdert søknaden og finn at det ikkje vil føre til vesentlege ulemper for drift og vedlikehald av fylkesveg 414 om det vert gjeve dispensasjon frå byggegrensa til fylkesvegen slik det er søkt om.

Vedtak

Med heimel i veglova [§30](#) og [§34](#), gir vi dispensasjon frå byggegrensa mot fylkesveg 414 for å oppføre ny bustad på gnr. 23 bnr. 19 i Radøy kommune.

Vilkår for dispensasjonen

1. Tiltaket skal være i tråd med situasjonsplan, datert 18.01.2018.
2. Avstanden frå bustaden (inkludert takutspring) til senterlina på fylkesveg 414 skal vere minst 43 meter.
3. Bustaden må ikkje brukast til andre formål enn det dispensasjonen gjeld.
4. Grenseverdiane for støy og luftkvalitet i rundskriv [T-1442](#) og [T-1520](#) frå Klima- og miljøverndepartementet må tilfredsstillast.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Postboks 43
6861 LEIKANGER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

5. Det kan ikkje krevjast erstatning for skadar og ulemper som følgje av at bygningen/innretninga ligg nær fylkesveg 414.
6. Arbeidet må være starta opp innan tre – 3 – år frå dispensasjonen er gitt, viss ikkje fell dispensasjonen bort.

Bakgrunn for vedtaket

Byggegrensene skal ta vare på trafikktryggleik, vedlikehald og drift av vegnettet, arealbehov ved ei eventuell utviding av vegen, og miljøet på eigedomane langs vegen.

Retten til å klage

Ein kan klage på vedtaket, jf. forvaltningslova § 28. Informasjon om å sette fram klage, går fram av skjemaet [«klage på forvaltningsvedtak»](#). Fristen for å klage er tre veker frå vedtaket vart motteke. Klageinstansen er Hordaland fylkeskommune. Send klagen til Statens vegvesen Region vest, Postboks 43, 6861 Leikanger, som vil sende klagen vidare til klageinstansen.

Vedlegg

Veglova [§29](#), [§30](#), [§34](#),

Plan og forvaltningsseksjon Bergen
Med helsing

Kari Elster Moen
overingeniør

Odd Høydalsvik

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi
Radøy kommune, Radøyvegen 1690, 5936 MANGER